

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 16/17739

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

22.06.2016

GODKJENNING AV DANIELSEN UNGDOMSSKULE FREKHAUG AS - ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETТА HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR M.V.

Danielsen Ungdomsskule Frekhaug bygde i 2012 og 2014 modulbygg i påvente av ny eksisterande skule. Danielsen Ungdomsskule Frekhaug er godkjent for 180 elevar (vår ref. 14/2184 – 14/24463).

Skulen har gjort endringar av lokalar og tilført påbygg (modul) som vert knytt til eksisterande modular. Skulen søker derfor om ny godkjenning etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. Søknad om ny godkjenning er datert 25.05.16, og inneheld utfyllande informasjon som tilfredsstillar krava i forskrifta (vår ref. 14/2184 – 16/15579).

Modulbygga var planlagt erstatta av permanent skule (nybygg) i 2017. Ny skule er utsatt til 2019.

➤ **Tilsyn**

I samband med søknaden utførte teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter forskrifta ved Danielsen ungdomsskule Frekhaug den 22.06.16. Rektor Laila Eidsheim møtte for verksemda.

Skulen har bygd nye modular knytt til eksisterande modulbygg.

Elevar og tilsette har tidlegare nytta lokalar i bedehuset, men desse er nå flytta til modulbygg. Tidlegare personalrom/administrasjon i modulbygg er flytta og omgjort til kasserom.

Totalt m² er ikkje nøyaktig oppmålt, men elevar og tilsette har betre plass enn ved godkjenning i 2014. Elevtal skal ikkje endrast, berre romfasilitetar.

Skulen har 8 klasserom, der spesialrom inngår (bl.a. mat og helse, kunst og handverk, naturfagrom og musikkrom (sistnemnde med ekstra isolasjon til nærliggande rom)).

Skulen har i dag 147 elevar og 28 tilsette. Skulen er godkjent for 180 elevar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

Det vart ikkje avdekka avvik i forhold til forskrifta.

➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert Danielsen ungdomsskule Frekhaug AS godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* for inntil 180 elevar fram til 31.12.19.

Godkjenninga vert gjeve etter søknad datert 25.05.16 og tilsyn utført 22.06.16.

Dersom skulen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* § 6.

Med helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må verte sendt via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

Kopi til:

Meland kommune

- Rådmann
- Utval for levekår
- Komm. avd. for kultur og oppvekst